



Trygve og Sigrun er av dei mest trufaste

Kvifor er Sigrun og Trygve Haugland blant dei mest trufaste gjestane i tysdagskafeen Tlaren i Gamleskulen? Det trauste paret har svara klåre:

Han svarar: - Fordi det er så kjekt og sosialt. Eit slikt tiltak må støttast.

Ho svarar:- Fordi vi er leie av å sitja og sjå berre på kvarandre heile veka.



I dag var 13 ungar på kafebesøk

Det er nok mange av Tlaren sine gjester som har dei same grunnane for vitjinga si. I dag har det forresten vore innom 46 vaksne og så mange som 13 ungar og det er dugnadsdamene svært fornøgde med.

Men litt varierende har framførtet vore denne seinhausten. Hvis vi går attende til 9 oktober var det ein toppnotering med 55 vaksne og 25 ungar og den dagen vart det sal for 2 100 kroner sjølv om maksimumsprisen framleis er berre 10 kroner.

Så var det 43 vaksne og 5 ungar den 16. oktober og 45 vaksne og 10 ungar ei veke seinare. Siste tysdagen i oktober var 48 vaksne og 1 unge på kafebesøk. Hvis vi så hoppar til 6. november var det berre 28 vaksne og 5 ungar innom men ei veke etter auka det til 52 vaksne og 10 ungar. For ei veke sidan gjekk det ned til 37 og 9.

Men sjølv om det altså går litt opp og ned blir snittbesøket bra og inntekten kjem gode føremål til gode, Sju opningsdagar no seinhaustes har gjeve over 10 000 i kassa!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen